Fra: Terje Systad <terjesy@yahoo.no>
Sendt: 17.09.2026 11:45:15
Til: Postmottak KLD <postmottak@kld.dep.no>
Emne: Innspel stortingsmelding om villaks, sjøaure og sjørøye 26/4470 – munningsfredingssoner og fritidsfiske

---

Eg ønskjer å gi eit personleg innspel til arbeidet med ny stortingsmelding om villaks, sjøaure og sjørøye.

Eg har forståing for at det er behov for å verne laks, sjøaure og sjørøye nær utløpet av lakseførande vassdrag, og at det derfor må vere restriksjonar på fisket i slike område.

Samtidig ligg mange elveutløp midt i eller nær bygder og tettstader. Dei utvida munningsfredingssonene kan gå langt utover den ordinære 100-meterssona, og omfattar dermed ofte sjøområde som er nærområde og naturlege fiskeplassar for mange. For dei som berre ønskjer å fiske etter vanleg saltvassfisk frå land, kan resultatet vere at dei må reise ut av nærområdet for å kunne fiske lovleg.

Reglane er også ulike frå fylke til fylke. I Vestland og Trøndelag er det opna for fiske etter saltvassfisk med stong frå land i munningsfredingssonene gjennom året, medan reglane i Møre og Romsdal er vesentleg strengare for vaksne.

For meg reiser dette spørsmål om kor stor verneeffekt ein faktisk får av å forby vanleg stongfiske etter saltvassfisk i store munningsfredingssoner, samanlikna med ulempene det gir for enkelt og kortreist fritidsfiske.

Eg meiner derfor at stortingsmeldinga bør sjå på om reguleringa kan gjerast meir målretta. Det kan framleis vere strenge reglar nærast elveutløpet, men i dei større munningsfredingssonene bør ein vurdere om det er mogleg å skilje betre mellom målretta fiske etter anadrom fisk og vanleg fiske etter saltvassfisk. Ein bør også vurdere om enkelte fiskemetodar gir større risiko enn andre, og om det er meir treffsikkert å regulere desse enn å forby alt stongfiske.

Målet bør vere å verne laks, sjøaure og sjørøye godt, men samtidig unngå å avgrense vanleg fritidsfiske meir enn det som er nødvendig og kan grunngivast ut frå verneeffekten.

Eg meiner også at barn og unge bør få større merksemd i forvaltninga. Når omsynet til anadrom fisk avgrensar fisket i og rundt laksevassdrag, bør det vere enkelt for barn og familiar å finne ut kvar dei faktisk kan fiske. Lokale forvaltningslag og elveeigarlag bør, der det er relevant, bidra med informasjon og tilrettelegging for alternative fiskeplassar – til dømes ovanfor anadrom grense, i andre vatn eller ved eigna sjøfiskeplassar.

Vern av villaksen er viktig, men dersom vi også ønskjer framtidig interesse for fiske og natur, meiner eg det er viktig at barn ikkje berre møter informasjon om kvar dei ikkje kan fiske, men også blir viste kvar dei kan fiske.

mvh
Terje Systad